

Bjørn Steinbakk

Øvre Varåsen 50

5210 Os

Hans Petter Eide

Heltveitvegen 57

5993 Ostereidet

Oslo 24.7.2014

Forkjøpsrett av Heltveitvegen 62 g.nr. 234 bnr. 41 Lindås kommune

Som du er kjent med har me selv denne eigendommen. Salsdokumentet frå 29.4.1947 viser at hovudbruket (du) har forkjøpsrett til eigendommen. Du har frå kommunen fått opplyst at du har 6 månader til å tenkja deg om ref. lov om løysingsrettar §12.

Tidlegare har du munnleg sagt at det ikkje var aktuelt å bruka retten, men samtidig kommunisert at du ikkje vil gje endeleg tilbakemelding endå. Sjølv om det er tatt med eit punkt om denne retten i kjøpskontrakten, skaper sjølvsagt problemstillinga spenning mellom kjøpar og oss, så vi håpar derfor at du kan hjelpa oss, ved alt no å kommunisere din slutning til oss.

Viser og til §12 andre ledd «ein part i rettshøvet kan gje skriftleg varsel til forkjøpsrettshavaren til å gjera retten gjeldande innan to månader frå det tidspunktet varslet er kome til forkjøpsrettshavaren.» For å få raskast mogleg avklaring i saka vil me nytta oss av denne retten. Det betyr at du må gje skriftleg melding til meglar Åge Guldbrandsøy innan utgongen av september, dersom du vil bruka forkjøpsretten. Kjøpesummen er 680 000 kr + omkostningar.

Kontaktinformasjon:

Bergen Omegn Eiendomsmegling AS v/Åge Guldbrandsøy

Ulvenvegen 3

5210 Os

Håper dette løyser seg på ein grei måte for alle partar.

Venleg helsing

Bjørn Steinbakk